
Fra: Børje L. Hoff <blh@harris.no>
Sendt: tirsdag 29. mai 2018 17.25
Til: Postmottak Lindås
Kopi: Harald Sagstad
Emne: Områdeplan Alversund, del av gnr. 137 og 138. Merknadar frå grunneigarar til gnr. 137, bnr. 7.
Vedlegg: 4899_001.pdf

Hei, eg representerer Kjersti Alver og Harald Sagstad, eigarar av gnr. 137, bnr. 7 i Lindås. Kommuneadvokat Eirik Schütz har i e-post av 24. mai gitt oss frist til 29. mai 2018 med å kome med merknader. Merknadane er såleis sende i rett tid.

Innleiingsvis vert det vist til tidlegare innsende merknader på mine vegne ført i pennen av Asplan Viak ved Rune Fanestøl Tuft.

Dernest har mine partar følgjande merknader til det som no ligg i bordet:

Her er kome inn framlegg om nye turveggar på gnr. 137, bnr. 7. I Føresegnene er desse omtalt slik:

«8.2. Turveggar

8.2.1 Turvegane GT1-2 skal opparbeidast som gjennomgåande offentleg tilgjengelege turveggar/stiar. Plassering av turvegane i kartet er retningsgjevande og turvegane kan, utan krav om detaljplan, flyttast/justerast dersom det gjev betre terrengtilpassing eller stigningsforhold.

8.2.3 Turvegane/stiane skal ha ein breidde på minimum 1,2 meter og maks 2,5 m etter anleggsfasen. Opparbeidinga må sikre drenering slik at stiane haldast tørre og lett framkomelege».

Begge turvegane er tenkt lagt inn i område som i dag er LNF – område, og som i planen vert lagt ut som reine landbruksområde.

Når det gjeld den delen av gnr. 137, bnr. 7 som ligg att mellom FV 565 og den nye skuletomta, er dette i dag aktivt landbruksland. Mine partar har husdyr. Arealet vert delvis hausta, og dels nytta til beiteareal. Under føresetnad at dei ikkje får medhald i sitt innspel om utviding av bustadområde inn hit, må kommunen unngå å etablere konflikter mellom turgåarar og landbruket. Den turvegen som er omtalt som GT2 vil gå rett gjennom beiteområdet. Dette vil skape grodbotn for for konflikter. Det kan dernest også – om ikkje tilstrekkelege omsyn vart tatt – oppstå problem knytta til at dyr kan ta seg inn på skuleområdet. Mine partar vil sterkt rå i frå at denne turstien vert etalbert. Dei er elles kjende i området, og dei meiner at det er råd å oppnå det same dersom stien vert trekt inn i den søraustlege delen av B2, der utbygging enno ikkje er i gang, og der ein ikkje skapar framtidige konflikter. På vedlagte kart er den uønska stien markert med ring og 1. Den nye foreslåtte traseen er markert med svart tusj.

Når det gjeld den delen av GT2 som skal gå ned til eksisterande tursti, og GT 1, høvevis markert som 2 og 1 på vedlagte kart, så er mine partar motstandardar av desse også. Restarealet mellom skuletomta og sjøen er tiltenkt fortsatt å vera landbruksområde (L). Alt etter kva aktivitetar som kan vere aktuelle å ta i ferd med her for mine partar; det vil kunne oppstå nødvendige konflikter mellom turgåarar og grunneigarar.

I rekkefølgjebestemmelsane heiter det:

«4.1.7 Stiar/turveggar skal vera ferdigstilt eller sikra opparbeidd gjennom heile feltet og ev. vidareført fram til andre felt før det kan gjevast bruksløyve til nye byggetiltak for feltet som har markert sti innanfor feltet».

Mine partar vil nytte høvet til å peike på at tiltak i terrenget treng løyve frå grunneigar, alternativt nødvendige ekspropriasjonsløyve. Mine partar vil ikkje gå inn på frivillig avtale når det gjeld denne typen tiltak som er til skade for deira landbruksdrift.

The logo for Harris, written in a stylized, cursive script.

Med venleg helsing

Børje L. Hoff
Advokat / Partner

994 25 925 | blh@harris.no

Advokatfirmaet Harris DA
Dreggsallmenningen 10/12
PB 4115 Sandviken, 5835 Bergen
55 30 27 00 | harris.no

Følg oss på [Facebook](#) og [LinkedIn](#).

Mottar du eposten ved ein feil, ber me om at den vert sletta og at du underrettar oss.
